



# NYTT FRÅ AVD. 547



## HELSING FRÅ LEIAR

Nyheitsbrevet du no les representerer noko nytt i Fagforbundet Sogndal, og er ein del av ein spenstig og god handlingsplan som vart vedteke på årsmøtet 1. mars. Gjennom mellom anna eit nyheitsbrev ynskjer me å bli flinkare til å løfta fram kva som rører seg i lokalforeininga, kva me jobbar med, formidla informasjon, og løfta fram tillitsmannsapparatet til deg som medlem. I tillegg har me i styret fordelt oss i ulike arbeidsgrupper som skal syta for ei god gjennomføring av ulike aktivitetar og arrangement. Me har utarbeidd eit eige årshjul for fagforeininga som skal syta for at me gjennomfører handlingsplanen.

Etter regionmøte i Bergen 30.- 31 april kan me slå fast at Fagforbundet Sogndal blir godt representert i det nye Regionstyret, i seksjonane sine landskonferansar, og på Fagforbundets sitt landsmøte til hausten.

Ei slik deltaking er viktig, då me lokalt får være med å påverka avgjersler sentralt.

12.-13. mai reiser heile styret og alle dei tillitsvalde på kurs i Bergen der me får undervisning og skulering i regi av Fagforbundet Vestland. Denne samlinga er etterlengta og vil styrka, trygga og motivera den enkelte tillitsvald og styremedlem i det vervet dei har teke på seg. Elles kan eg nemna at Fagforbundet fortløpende arrangerer kurs og konferansar for alle våre medlemmar, og underteikna håpar at flest mogleg av medlemmane nyttar seg av desse tilboda.

Me går inn i eit spennande kommuneoppgjer der Fagforbundet krev auka lønn for heile laget. I samband med lønsoppgjeret og potensielt moglegheit for streik, er det særskilt viktig at du står oppført med rett arbeidsstad, telefon og e-postadresse når du loggar deg inn på Fagforbundet si heimesider.

## LES MEIR OM:

[Helsing frå leiар](#)

[Årsmøter](#)

[Møt det nye styret](#)

[Medlemstal](#)

Dersom du har endra arbeidsstadstad dei siste åra må du gi oss beskjed om det per epost.

Som følgje av aktive styremedlemmar, flinke tillitsvalde, dyktige HTV'ar og ein god handlingsplan, så er eg trygg på at Fagforbundet Sogndal vil markera seg som ein aktiv og god fagforeining lokalt og regionalt framover. Husk, vervar du ein kollega vankar det fine vervepreiar.

Eg ynskjer dykk alle ein god påskehøgtid og har du innspel, ris eller ros å koma med, så send dei gjerne til underteikna ☺



## ÅRSMØTER

Første dagen i mars arrangerte Fagforbundet Sogndal sitt årsmøte på Quality Hotel Sogndal. Dei frammøtte fekk høyra om året som har gått, men kanskje enda viktigare kva me har planlagt for året som kjem. No når pandemien (forhåpentlegvis) nærmar seg over, så ønskjer me å gjera meir fysisk for våre medlemmar. Mellom anna skal me gjennomføra kurs for styret og tillitsvalde med vara, markering av Fagforbundsveka med meir.

På årsmøtet vart det vedteke å gje 5 000kr til SOS Barnebyar i Ukraina. I tillegg vart det gjort små endringar i styret, satsar for styrehonorar, og korleis me påskjønnar tillitsvalde.

Me takka av Iris Helen Dale som kasserar, og Anne Elisabeth Dale Lunde som nestleiar. Nyvald kasserar er Bente Kristin Sæhl, og ny nestleiar er Keyty Planeta.

Grunna pandemien har me vald å utsetja markering av jubilantane til hausten med ei eiga tilstelling.

Du kan lesa meir om årsmøtet og sjå protokollen på vår [heimeside](#).



Leiar Raymond Lind takka av Iris Helen Dale. Foto: Svein Harald Hovland



## MØT DET NYE STYRET

Det nye styret består av:

Leiar - Raymond Lind (ikkje på val)

Nestleiar - Keyty Planeta (ny)

Sekretær - Aina Thomassen (gjenval)

Kasserar - Bente Kristin Sæhl (ny)

Fane 2 - Svein Harald Hovland (gjenval)

Opplæringsansvarleg - Hege Lerum Orrestad (ikkje på val)

Pensjoniststillitsvald - Anne Elisabeth Teigen (ikkje på val)

Ungdomstillitsvald - Keyty Planeta (ikkje på val)

Ungdomstillitsvald, vara - Elisabeth Hamre Tunvol (ny)

YKKO - Margrete Berge Feidje (ikkje på val)

YHS - Siv-Anett Skartun (ikkje på val)

YHS, vara - Erika Karina Roskaritz (ikkje på val)

YKA - Merethe Relling Trettenes (ikkje på val)

YTS - Jarle Andersen (ikkje på val)

YTS, vara - Kenneth Stigen (ikkje på val)

Styremedlemmar:

Anita Hjønnevåg (ikkje på val)

Anita Sva (gjenval)

Anne Elisabeth Lunde (ny)

Onsdag 30. mars var det tid for årsmøte i Fagforbundet Vestland. Nestleiar i Fagforbundet, Sissel M. Skoghaug, innleia dagen. På dagsorden stod tema som situasjonen i Ukraina, dei kommande lønsforhandlingane og den venta prisveksten. Bodskapen hennar var at heile laget skulle med i årets oppgjer, og at samhald og solidaritet måtte vera rettesnora. Ho retta kritikk til Utdanningsforbundet og andre som gjekk i bresjen på vegne av særskilte yrkesgrupper.

- Det er frontfagsmodellen som har bidrige til mindre lønnskilnadar og ulikskap i Norge, den må me forsvara.

Skoghaug uttrykte og uroing for medlemstala til Fagforbundet nasjonalt. Til trass for 26 000 innmelde i 2021, så var det likevel null vekst i medlemstala.

- Me må alle som tillitsvalde ta ansvar for å rekruttera og halda på medlemmane våre, sa ho.

Delegasjonen frå Sogndal bestod av (f.v.) Keyty Planeta, Jarle Andersen, Siv Laila Eriksen, Aina Thomassen og Raymond Lind. For dei som deltok var det tydeleg at det var kjekt å vera fysisk samla igjen.

## MEDLEMSTAL

Per 30.03.22 har Fagforbundet Sogndal totalt 844 medlemmar.

Yrkesaktive - 484

Lærlingar- 29

Studentar - 56

Pensjonistar - 221